

# Forskrift om opplæringsspråk ved skulane i Bømlo kommune

Høyringsutkast per 12. april 2024.

Ny opplæringslov med verknad frå 01.08.2024 stiller krav om lokal forskrift om opplæringsspråk.

## § 1. Lovheimel

Forskrift om opplæringsspråk ved skulane i Bømlo kommune er heimla i LOV-2023-06-09-30; Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 15-2.

## § 2. Føremål

Denne forskrifta regulerer kva som skal vera det skriftlege hovudmålet ved kvar skule i Bømlo kommune. Som det går fram av opplæringslova § 15-2, skal skulane nytta hovudmålet i den skriftlege opplæringa og den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra.

Denne forskrifta regulerer ikkje den munnlege opplæringa, jamfør opplæringslova § 15-1. I den munnlege opplæringa avgjer elevane og lærarane sjølv kva for talemål dei vil bruka.

## § 3. Opplæringsspråk ved grunnskulane:

### § 3.1. Skriftleg opplæringsspråk ved Bremnes ungdomsskule

Skriftleg opplæringsspråk ved Bremnes ungdomsskule skal vera nynorsk.

### § 3.2. Skriftleg opplæringsspråk ved Foldrøy skule

Skriftleg opplæringsspråk ved Foldrøy skule skal vera nynorsk.

### § 3.3. Skriftleg opplæringsspråk ved Gilje skule

Skriftleg opplæringsspråk ved Gilje skule skal vera nynorsk.

### § 3.4. Skriftleg opplæringsspråk ved Hillestveit skule

Skriftleg opplæringsspråk ved Hillestveit skule skal vera nynorsk.

### § 3.5. Skriftleg opplæringsspråk ved Meling skule

Skriftleg opplæringsspråk ved Meling skule skal vera nynorsk.

### § 3.6. Skriftleg opplæringsspråk ved Moster skule

Skriftleg opplæringsspråk ved Moster skule skal vera nynorsk.

### **§ 3.7. Skriftleg opplæringsspråk ved Rubbestadneset skule**

Skriftleg opplæringsspråk ved Rubbestadneset skule skal vera nynorsk.

### **§ 3.8. Skriftleg opplæringsspråk ved Svortland skule**

Skriftleg opplæringsspråk ved Svortland skule skal vera nynorsk.

### **§ 3.9. Skriftleg opplæringsspråk ved Våge skule**

Skriftleg opplæringsspråk ved Våge skule skal vera nynorsk.

### **§ 3.10. Skriftleg opplæringsspråk ved Alvsvåg alternative skulearena**

Skriftleg opplæringsspråk ved Alvsvåg alternative skulearena skal vera nynorsk.

## **§ 4. Skriftleg opplæringsspråk ved Bømlo vaksenopplæring**

Skriftleg opplæringsspråk ved Bømlo vaksenopplæring skal vera bokmål. Kommunen si plikt til å gje opplæring i norsk og samfunnsfag etter LOV-2020-11-06-127; Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringsloven) går fram av §§ 30 og 31 i lova.

## **§ 5. Iverksetjing**

Forskrift om opplæringsspråk ved skulane i Sveio kommune gjeld frå 1. august 2024.